



APOSTEL: – *Kombinasjonen av leiar og åndeleg far er eitt av kjenneteikna på ein apostel, seier Jan Aage Torp.* FOTO: DAGEN-ARKIV

– Apostlane er viktige for å

Å bygge sterke frimodige leiarar og nå fleire menneske med evangeliet er målet for den verdsfemnande apostoliske rørsla.

Av KARI FURE

BERGEN: Fleire verdsfemnande apostoliske nettverk har dei siste åra arbeidd for å få apostlane tilbake som åndeleg leiarskap i dei kristne kyrkjene. Dei vil at alle dei fem tenestegåvene, apostlar, profetar, evange-

listar, hyrdar og lærarar, skal vere levande i samsvar med Paulus sine ord i Efesarbrevet.

Jan Aage Torp, pastor i Seierskirken i Lillestrøm, hevdar at mange av kyrkjene som opplever vekst på verdsbasis, nettopp er kjenneteikna av at dei har apostlar i funksjon. Han trekkjer fram kyrkenettverk i ei mengd asiatiske, latin-amerikanske og afrikanske land som døme. I Europa har apostlane fått ei sterkare stilling mellom anna i England, Ungarn og ein del tidlegare Sovjet-statar.

å nå ut med evangeliet

Åndelege farsfigurar

– Gjennom vekkjingar i desse landa har det vakse fram åndelege leiarar. Dei leier ikkje berre sin eigen kyrkjelyd, men er også vidare anerkjende som leiarar. Dei er blitt leiarar for andre leiarar, åndelege farsfigurar som er med på å framelske andre til leiarskap.

– Kombinasjonen av leiar og åndeleg far er eitt av kjenne-teikna på ein apostel, seier Jan Aage Torp.

For å vise at kallet til apostel kan gjelde på ulike felt, blir det ofte tala om fem typar apostlar, eller apostoliske leiarar. Torp

understrekar inndelinga er reint praktisk.

1. Vertikale apostlar eller general-apostlar som leier ei rørsle.

2. Horisontale apostlar eller ambassadør-apostlar. Dei arbeider internasjonalt, nasjonalt eller regionalt utan å ha nokon kyrkjelyd under seg.

3. «City Reacher» – apostlar som når ein heil by.

4. «Nation Reacher» – apostlar som når ein heil nasjon.

5. «Market Place Apostel» – ein person, til dømes innan næringslivet, som kan bringe

fram kristne verdiar på ein markert måte.

Norske apostlar

Fire nordmenn er til no medlemmer av «International Coalition of Apostels» (ICA). Desse fire er Jan Aage Torp, Reidar Paulsen, pastor i Kristkirken i Bergen, Ola-Emil Sprakhaug, pastor i pinskyrkja i Ålesund, og Karl Axel Mentzoni, pastor i pinsekyrkja i Trondheim. To-tre andre er i ferd med å bli medlemmer.

ICA er eit internasjonalt nettverk av kristne leiarar som anten ér eller held på å utvikle

seg til apostel. Nettverket blir leia av John P. Kelly og Peter Wagner. Sistnemnde er professor ved Fuller-seminaret i Los Angeles og av mange rekna som ein av dei fremste ekspertane på kyrkjevekst.

ICA er eit relasjonsbasert nettverk. Ein byggjer på venskap og mellommenneskelege relasjonar, ikkje strukturar med vedtekter og generalforsamlingar. For å bli medlem i ICA må ein få tilråding frå ein person som alt er med i nettverket.

– ICA er berre eit verkty. Det er den bibelske realiteten som

ligg bak ordet apostel som er interessant. Apostlane spela ei sentral rolle som ekspertar på å utbreie Guds rike den første tida. Når mange kyrkjer ikkje lenger anerkjenner aposteltesta, er det noko som manglar, meiner Jan Aage Torp.

– Vi trur at ei aktiv aposteltesta vil vere ei hjelp til gjennombrøt for evangeliet også i Noreg, seier han. DAGEN